
Saksnr: 2020/35639-9
Saksbehandlar Malene Utkilen
Dato: 18.12.2020

Til: Petter Lem Gullestad

Frå: Malene Utkilen

Vurdering av tilleggsopplysingar - klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense
- fv 49 - gnr 19 bnr 349 - Kvam herad

Klagenemnda/v politisk sekretariat har bede underinstansen, avdeling for infrastruktur og veg (INV) om å vurdere tilleggsopplysingane frå klagar i brev datert 03.06.2020 og e-post datert 07.12.2020.

Konklusjon

INV har vurdert tilleggsopplysingane og finn ikkje grunn til å endre avgjerda.

Dina Lefdal
fylkesdirektør

John Martin Jacobsen
seksjonssjef

Kopi av notatet vert sendt til klagar.

1. Gjeldande Rammeplan

«2017 - 2020 Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest» (heretter Rammeplanen) gir føringar for vurdering byggegrenser mot fylkesvegane. Dei einssilde vegane har fått tildelt ein haldningsklasse som gjeld mellom anna byggegrensesakene. Fylkesveg 49 har fått tildelt haldningsklasse 2, streng haldning (gul), fordi det er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon. Ny rammeplan som gjeld fylkesvegnettet i Vestland fylke er sendt på høyring med frist 20. desember. I høyringsutkastet rår fylkeskommunen til å endre haldningsklasse på fylkesveg 49 frå klasse 2: streng (gul) til klasse 1: meget streng (raud). Vegar som får denne haldningsklassa er vurdert som svært viktig hovudveg med nasjonal og regional verdi.

Rammeplanen stadfestar at innanfor byggegrensa til fylkesvegar med haldningsklasse 1 og 2, skal det vanlegvis ikkje gjevast dispensasjon utan at det føreligg ein reguleringsplan. Føremålet med reguleringsplanar er å gjere ei totalvurdering av arealbruken innanfor eit avgrensa område. Reguleringsplanen er ein viktig reiskap for å avklare tema som auka bilbruk og parkering i et område. Ved ei slik totalvurdering vil andre viktige omsyn også ha verknad på kva byggegrenser som bør fastsettast i planen. I ein reguleringsplan vil det bli gjennomført ei vurdering av behovet i eit samfunn, og ikkje berre ei vurdering ut frå veg- og trafikinteressene. I praksis betyr dette at myndene kan vere meir liberal ved fastsetting av byggegrense i reguleringsplanar, fordi ein har kunnskapsgrunnlag til å kunne vekte andre omsyn enn veginteresser.


I regulerte område er det kommunen som er planmynde etter plan- og bygningslova. Vegmynde fattar såleis ikkje vedtak om dispensasjon frå byggegrensa, men har uttalerett til planane.

2. INV si vurdering av tilleggsopplysingar datert 03.06.2020

Klagar viser til Jonshøgdi sameige på gnr. 21 bnr. 45, som ligg i nærleiken av klagar si eigedom. Leilegheitene/fritidsbustadene er ført opp i medhald av ein eldre plan frå 2004, som no er erstatta av detaljreguleringsplan med planID 20130006 «Skårane, Dalen, Leite, Vassværena», vedteken i 2020. Den eldre planen vart vedtatt før kommunedelplanen for Kvamskogen, og før ein byrja å praktisere ein streng haldning i samsvar med føringar i Rammeplanen på Kvamskogen. Klagar si eigedom er ikkje regulert.

a


INV vurderer at tilleggsmomenta ikkje tilføyer noko nytt til saka enn det som går fram av klaga dagsett 02.03.2020. Slik vi oppfatar det, argumenterer klagar for at det er sett presedens for byggegrensa mot fylkesveg 49, og at Jonshøgdi sameige er eit døme på dette. Direktør for infrastruktur og veg har vurdert søkar sitt argument om at det er gitt løyve i liknande sak i nærleiken i notatet datert 27.10.2020. Vi meiner at døme på Jonshøgdi er mindre relevant for saka enn det som allereie er kommentert, ettersom det er gjort ei vurdering av byggegrensa etter eit anna lovverk. I tillegg er minsteavstand frå vegmidte målt til 17,7 meter, medan klagar har søkt om å bygge 9,8 meter vegmidte.



Figur 1 Jonshøgdi sameige

3. INV si vurdering av tilleggsopplysingar datert 07.12.2020

Klagar har i e-post datert 07.12.2020 kome med ytterlegare opplysingar. Det er vist til nyoppført bod på gnr. 21 bnr. 45 i haust, som er plassert nærare fylkesvegen enn bustadane på Jonshøgdi sameige. Klagar har målt avstanden frå vegkant til å vere 9,65 meter. Avstand frå vegmidte er rekna av oss til å vere omtrentleg 13 meter. Ettersom eigedomen er omfatta av reguleringsplan, er det kommunen som eventuelt har behandla søknad om oppføring av bod innanfor regulert byggegrense etter plan- og bygningslova. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at vi har mottatt søknad til uttale frå kommunen. Vi er i utgangspunktet kritisk til dispensasjon frå regulert byggegrense. Samstundes vil vi peike på at ein bod er eit vesentleg mindre tiltak enn eit tilbygg som doblar storleiken på hytta, som klagesaka gjeld. Eit større tilbygg vil til dømes gi større opphaldsareal som kan auke trafikkmengda på tilkomstvegen, fylkesveg 49, som allereie er sterkt belasta. I tillegg vil kostnadane ved eventuell ekspropriering grunna vegutviding vere vesentleg mindre for ein bod enn eit større tilbygg. Støyvurdering vil heller ikkje bli vektlagt ved plassering av bod. Klagar seier at han forventar likskap for lova, men direktør for infrastruktur og veg vil understreke at det er kommunen som er planmynde i regulerede område og vurderer tiltak etter plan- og bygningslova. Tiltak vi ikkje har uttalt oss om kan ikkje sette presedens for nye tiltak.



Figur 2 Jonshøgdi sameige - plassering av bod

4. Oppsummering

Søknadar om dispensasjon frå byggegrensa til veg vil i utgangspunktet vere gjenstand for ein open interesseavveining der tyngda til veginteressene i høve til søkar generelt vil minka med aukande avstand frå vegen. Tilleggsopplysingane viser dømer på tiltak som ligg med større avstand frå fylkesvegen enn det som klagar har søkt om.

Dersom klagar får medhald, vil denne saka kunne sette presedens for nye tiltak med avstand på 9,8 meter frå vegmidte, 6 meter frå vegkant på fylkesveg 49. Dette vil gi utfordringar ved eventuelle utbetringstiltak. Fylkesvegen har ein viktig overordna funksjon med stor trafikkmengd og utfordringar knytt til parkering og drift på vinterhalvåret. Det er behov for å avklare arealbruken ved ein totalvurdering i reguleringsplan.

Vi har vurdert tilleggsopplysingane, og dei argumenta som kjem fram der. Fylkesdirektør for infrastruktur og veg finn ikkje grunnlag for å gjera om vedtaket.